



Konkurransen om ny bispekåpe til Bjørgvin bispedøme

Det skal lagast ny bispekåpe med stolaer i dei fire liturgiske fargane til biskopen i Bjørgvin, ettersom dei tidlegare bispekåpene er i dårleg stand.

Tekstilkunstnarar, kunsthandverkarar og biletkunstnarar er velkomne til å senda inn framlegg til arbeidet.

Ved bispevigsla vert den nye biskopen kledd bispekåpa og får bispekrossen hengt rundt halsen. Dette er synlege teikn på at han/ho frå no av har tilsynsansvar for prestane i bispedømet og representerer den lokale kyrkja i bispemøtet. Kåpa markerer slik ein verdig posisjon og det vert lagt vekt på at ho skal vera vakker og varig.

Form

Kåpa har form av ein halvsirkel som er samla oppe i front med ei hempe eller ei spenne. Opning er vanlegvis kanta med eit breitt band og bak nakken sit eit skjold. Denne forma har røter over tusen år tilbake i kyrkjehistoria, men detaljar har endra seg med liturgiske og drakthistoriske rørsler.

Bruk

Bispekåpene i Noreg vert mykje brukte. Dei vert oftast brukte i sundagens gudsteneste, bortsett frå ved nattverden, dei vert brukte ved visitasreiser rundt i bispedømet og når biskopen representerer i andre samanhengar. I tillegg har biskopen i Bjørgvin bispeansvar for alle sjømannskyrkjene og kåpa kan slik bli sendt verda rundt. Dette stiller høge krav til stoffkvalitet og funksjonalitet. Vidare er vekt, tilskjæring og utforming viktig slik at kåpa vert lett å bera. Det vert ikkje stilt særlege krav til fargebruken, men kåpa må passa inn i Bergen domkirke som er hovudkyrkja i Bjørgvin.

Utforming

Bispekåpa skal bera vidare den lange tradisjonen som kyrkja og bispeembetet står i. Samstundes må det komma tydeleg fram at kåpa er laga i vår tid, for vår tid. Dette vil stilla krav til kunstnaren både når det gjeld materiale, symbolikk og formspråk. Vidare vil det verta lagt vekt på om kunstnaren maktar å setja arbeidet inn i ein stadeigen kontekst, der Bjørgvin som kyrkjemiljø, handverks-, nærings- og naturområde spelar med.

Sjå gjerne «Retningslinjer for bruk av liturgiske klær», www.kirken.no/kirketekstiler.

Rammer for produksjonen

Bispekåpa og stolaene skal kunne produserast innanfor ei kostnadsramme på kr 250 000 og vere ferdige innan 1. desember 2025.

Invitasjon til dialogmøte i Bergen domkirke, måndag 20 kl. 13-15.

Vurderingskomitéen, som består av Anne Martha Hoff, Aashild Grana, Justin Kroesen og biskop Ragnhild Jepsen, inviterer til dialogmøte med deg som er interessert i å bidra med utkast til bispekåpe. Påmelding sendast innan onsdag 15. januar på e-post til Andrea Ådland, aa378@kyrkja.no

Krav til innlevert materiale

Du må levere idéskisser som skildrar form, farge, materiale, teknikk og symbolbruk, samt materialprøver. Namn, kontaktinformasjon og eventuelt liste over tidlegare arbeid skal også leggjast ved.

Innleveringsfrist 1. mars 2025

Send konkurransebidrag til Bjørgvin bispedøme, Strandgaten 198, 5004 Bergen bjorgvin.bdr@kyrkja.no

Honorar

Utkast som vert valde ut for vidare bearbeiding, vil bli honorert.

Kontaktpersonar:

Seniorrådgjevar Ragna Sofie Grung Moe, rm548@kyrkja.no, tel. 952 77 371
Prosjektmedarbeidar Andrea Ådland, aa378@kyrkja.no, tel. 977 55 938